



Landets største språkråd

Språkrådet i Oslo har 25 medarbeidrarar. Språkrådet i Sogn og Fjordane har 106 259.

Tekst: Lars Aarønæs Foto: Oskar Andersen



NYNORSKSTATEN: Fylkesmann Oddvar Flæte rapporterer til staten frå den regionale nynorskstaten Sogn og Fjordane. I dette fylket er alle opptekne av språk, like ned til ordlyden på syltetøyglaset.

Fylkesmann Oddvar Flæte i Sogn og Fjordane synest Lerum er eit godt døme på språkrokta i fylket. Lerum-fabrikkane har laga saft, syltetøy og anna søtt i fire generasjonar. Over 60 prosent av all safta som blir

drukken i Noreg, er produsert hos Lerum i Sogndal.

– Fabrikken har valt å marknadsføre produkta sine på nynorsk, og salet har ikkje gått ned av den grunn. Pussig nok vekkjer språkdrakta på emballasjen mest merksemd innafor fylkesgrensa, seier Flæte.

– Vi har rundt 100 000 korrekturlesarar i vårt eige fylke. Med ein gong det har snike seg inn ein liten språkfeil, blir Lerum-direktøren nedringd av folk som veit betre. Det har han sjølv fortalt.

Statens mann

Fylkesmannen har ikkje meir han skulle ha sagt om etikettspråket enn andre. Eigentleg er heile fylkesmann-ordet misvisande. «Statsmann» hadde vore betre. Flæte skal – på vegner av staten – sikre at innbyggjarane får dei rettane og tenestene dei har krav på frå kommunane dei bur i. Han skal seie frå dersom nasjonal politikk ikkje blir gjennomført, og informere tilbake til staten om viktige spørsmål i fylket.

Det siste gjer han for så vidt akkurat her og no, i samtalene med Statsspråk.

Nynorsklekket skvett

På fylkesmannskontoret, fortel Flæte, skriv dei nynorsk så blekket skvett.

– Jamvel oslofolk og trønderar presenterer saksutgreiingar på nynorsk og trivst faktisk med det. Mange av oss meiner at nynorsken er til god hjelp når bodskapen skal nå fram til mottakaren. Det nyttar ikkje å pakke bodskapen inn i byråkratiske vendingar og embetsmannsspråk på nynorsk. Fleire av sakshandsamarane våre som har vakse opp med bokmål, meiner faktisk at dei har vorte betre bokmåls-skrivarar etter at dei har praktisert nynorsk hjå oss i nokre år. I leiargruppa vår er det tre som er bokmålsfolk, og dei hevdar alle at dei skriv betre saksutgreiingar på nynorsk enn på bokmål.

til side 2 →

Nye nettsider for Språkrådet

Språkrådet har fått nye nettsider. Mellom dei viktigaste endringane er at nettstaden har fått ny struktur, slik at det skal vere lett å finne fram til den informasjonen du treng. «Språkbruk i staten» er eit emne som har ny og meir synleg plassering. Nettsidene våre har òg ein stor, allmenn seksjon kalla «Språkhjelp», der det er stoff som vi trur vil vere til god hjelp i språkarbeidet i det offentlege. Nettstaden har òg fått ny grafisk utforming.

Statsspråk på nettet

Fra og med denne utgaven blir Statsspråk publisert på Internett i tillegg til at bladet blir trykt og distribuert som før. Du finner bladet på Språkrådets nettsted. På denne måten ønsker vi å nå videre ut med gode råd og veiledning for ansatte i staten.

Språkrådet

www.sprakradet.no

På nettstedet finner du blant annet dette:

- Aktuelt
- Språkbruk i staten
- Språkhjelp
- Politikk og fakta
- Rettskriving og ordbøker
- Lov og rett
- Leik og lær



Alle er til stede

Som du ser, skal *til stede* skrives i to ord. Det er skrivemåten i den offisielle rettskrivningen. At det skal være to ord, husker du kanskje lettere når du vet at *tilstede* er et gammelt verb som ingen bruker i dag. Det betyr å tillate eller gi lov til.

«Aldrig i verden tilsteder jeg det,» skrev vår gamle venn Bjørnsterne Bjørnson. Og aldri i verden vil redaktøren av dette blad gi deg lov til å skrive annet enn **til stede** i to ord. Slik er statens språk.

Godt hjelpemiddel

Ordboka *Med andre ord* av Magne Rommetveit er til hjelp for mange i staten. I utgangspunktet er det ei ordbok frå bokmål til nynorsk, men ho er òg nyttig for bokmålsbrukarar som treng ei romsleg synonymordbok.

Nettsider og nynorsk

Hovedregelen er at det skal være minst 25 % nynorsk på statlige nettsider. Begge målformene skal være klart synlige. Det skal være nynorsk også i faste tekster.

På godt norsk

call centre kundesenter, brukerstøtte
carport bilbås
chain of command kommandolinje
coach kusk, los; (med presisering:) livslos, faglos, språklos osv.
kick-off avspark(konferanse), startskudd
literacy skriftkyndighet/skriftkunne
patchwork family sammensatt familie, flettverksfamilie, flettefamilie
president elect tiltredende president, ventepresident
scrapbook utklippsbok, klippebok
workshop verksted, seminar, arbeidsmøte



Foto: Zoran Milich / Masterfile / Scanpix

Carport = bilbås

Konstantin konstaterer

Husker du Flavius Valerius Constantinus, bedre kjent som Konstantin den store? Han var konstant på farten, men slik blir det jo når man har mye å holde styr på, og han hadde jo et helt romerrike.

Når vi nå har konstatert det (= slått fast at slik er det), må du huske på at du ikke skal blande Konstantin inn i verbet konstatere (= fastslå). Tell n-ene, så ser du forskjellen.

På Hamar og på Island

Mange lurer på hva som er riktig preposisjon ved stedsnavn, om det er i eller på. Da er det fort gjort å finne noen svar på nettsidene til Språkrådet. Velg først SPRÅKHJELP og klikk på Rettsskrivning og ordbøker, deretter på Skriveregler og grammatikk og så på «I» eller «på».

Når du er inne der ved «I» eller «på», kan du gå lengre ned i den lista og klikk på **Preposisjonsbruk bokmål** eller **Preposisjonsbruk nynorsk** og velge det stedet der det står om stedsnavn/stadnamn.

→ Landets største ... frå side 1

Tolv sider sanning

For å hjelpe endå meir til har kontoret utarbeidd ei tolv siders rettleiing i god målbruk. Her går det fram at dei skal halde seg unna klammeformene, til dømes «fylgle» i staden for «følgje». Den balne samsvarsbøyninga er med, og det faktum at det ikkje er noko som heiter «vurderar» på nynorsk. Det heiter «vurderer».

– Dessutan legg vi vekt på at alle som skriv brev, som hovudregel skal skrive konklusjonen først. Det er mange avsendarar som ønskjer å drøfte seg fram til svaret. Men mottakaren skal sleppe å leve i uvisse heilt til siste sida i breva våre, seier Flæte.

I heftet står det òg at Fylkesmannen skal skrivast med stor forbokstav berre når skribenten syner til embetet i bestemt form. Altså ikkje når dei skal skrive at fylkesmannen bur i heimbygda Leikanger, der kontoret hans ligg – pluss fylkesadministrasjonen og mykje meir. For sunnfjordingar og nordfjordingar er det tungt å sveglje at administrasjonssenteret i

fylket ligg i Leikanger i Sogn. Men i kontakten med omverda har dei tre fogderia (futedøma) Sunnfjord, Nordfjord og Sogn same utgangspunkt.

Sogningen snur mot sør

– Greier tre fogderi eigentleg å snakke same språk?

– Nynorsken er den skriftelege samnemnen. Ingen av kommunane her har valt å krevje skriv frå staten på bokmål. Alle har heimesider i nynorsk språkdrakt. Men det munnlege språket er variert, sjølv om språkforskar Øystein Vangsnes her frå Leikanger meiner at sogningane no er i ferd med å bli sunnfjordingar. Han har vore i barnehagar i Sogndal og Leikanger og melder at det knapt er ao-lydar og i-endinger å høyre. Ungane seier «jenta» og «sola» i staden for «jentao» og «soli». Dette skal visstnok vere prisen vi må betale for at NRK Sogn og Fjordane har vore med på å bygge opp ein sterk felles identitet i fylket. Ingen andre

distriktsendingar kan vise til så høge lyttartal. Men i industribygda Høyanger snakkar dei innfødde så å seie utan diphongar. Dei hører på fylkesradioen og kjører til Førde for å handle. At dialekten òg har teke inn ord som «gjør», «mye» og «ikke», set somme mindre pris på. I Aordal var og tilflyttingi stor, men der samla dei sjefane på Kaksehaugen i Øvre, og so tala bygdefolket vidare på sitt eige målføre. I dag kan årdølene gao på dialekt- og stadnamnkafé. Ein gong i aoret er det Målrock i Aordal, ein musikkfestival som syner fram artistar so synge pao nynorsk og dialekt. Da aoret festivalen tinga eit engelsksyngjande band, vart da ramaskrik.

– Men skarring let seg ikkje stoppe av slike skrik, Flæte?

– Det er rett at skarringa breier seg nordover. Ho har nådd Florø og til dels Førde. Det er ikkje noko å gjere med for ein fylkesmann.



Postadresser

Det finnes mye merkelig adressering av brev og pakker, derfor skal vi nå ta for oss hvordan det bør gjøres. Stort sett klarer Posten å finne fram til riktig mottaker selv om avsenderen har brukt feil eller unøyaktig adresse. Mye post får i så fall en bomtur før det blir oppdaget at brevet eller pakken er sendt til feil sted – eller i verste fall til feil land. Det meste av posten blir

sortert maskinelt, og ofte er det ingen mennesker i sorteringsprosessen som kan omdirigere brevet til rett sted. Den moderne teknologien gjør det altså enda viktigere å bruke korrekte postadresser enn det har vært tidligere, og å skrive stort, tydelig og leselig. En ombytting av et par siffer i et postnummer kan få ganske irriterende konsekvenser.

Alle postadresser skal inneholde et navn på mottakeren, enten det er en person eller et firma, og de skal inneholde et postnummer med poststedsnavn. I adressene nedenfor ser vi at poststedsnavnene er skrevet med store bokstaver. På den måten blir adressen tydeligere og enklere å (maskin)lese, og faren for misforståelser og feilsortering blir redusert.

POSTADRESSER INNENLANDS

| Gateadresse | Adresse med stedsnavn | Postboksadresse | |
|--|-------------------------------------|--|---|
| Bedriften AS Storgata 15 0155 OSLO | Peder Larsen Vikane 5637 ØLVE | Bedriften AS Postboks 55 Falkum 3705 SKIEN | Bedriften AS Postboks 15 2715 BRANDBU |

Husk at dersom mottakeren har postboksadresse, skal alle brev sendes til den. Et brev med gateadressen i stedet for postboksadressen kan bli minst én dag forsinket.

Postadresse uten gate- eller stedsnavn
Peder Larsen
9672 INGØY

POSTADRESSER I UTLANDET

Mange land, blant dem Norge, har et system med postnummer som bare inneholder tall. Når vi adresserer post til disse landene (med Tyskland som et viktig unntak), skal vi først skrive landkoden (to bokstaver) etterfulgt av en bindestrek og så postnummeret:

Inger Lilja
Vasavägen 3
SE-582 20 LINKÖPING
SVERIGE

Guðmundur Árnason
Tryggvagötu 5
IS-220 HAFNARFIRÐI
ISLAND

Yvonne Leskovar
Postgasse 1
AT-1010 WIEN
ØSTERRIKE

Du må bruke korrekt landkode, og navnet på mottakerlandet skal skrives på norsk med store bokstaver på den nederste linja i adressen.

Her er en liste over landkodene for en del europeiske land:

| | | |
|----------------------|----------------|-------------------------|
| Belgia BE | Italia IT | Slovakia SK |
| Bulgaria BG | Kypros CY | Slovenia SI |
| Danmark DK | Latvia LV | Spania ES |
| Estland EE | Litauen LT | Sveits CH |
| Finland FI | Luxembourg LU | Sverige SE |
| Frankrike FR | Norge/Noreg NO | Tsjekkia CZ |
| Færøyene/Færøyane FO | Polen PL | Tyrkia TR |
| Hellas GR | Portugal PT | Ungarn HU |
| Island IS | Romania RO | Østerrike/Austerrike AT |

Tyskerne har femsifrede postnummer, og da burde vi i prinsippet bruke landkoden DE på brev dit. Likevel er det slik at det tyske postverket av tekniske hensyn særskilt ber om at det ikke skal brukes landkode på brev til Tyskland.

En korrekt tysk adresse skal derfor se slik ut:

Erich Müller
Hilperstraße 31
64296 DARMSTADT
TYSKLAND

I postadresser til land som har både tall og bokstaver i postnumrene, skal vi heller ikke bruke landkoder. Det gjelder bl.a. Storbritannia og Nederland:

Walter C. Brown
49 Featherstone Street
LONDON
EC1Y 8SY
STORBRYTANNIA

Michelle van de Merwe
Postbus 1992
2130 GC HOOFDORP
NEDERLAND

RETURADRESSE:

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

B

NORGE/NOREG



POSTKASSA



Bebyggesesplan og utbyggingsplan

Omgrepa bebyggelsesplan/utbyggingsplan (eller byggjeplan, om ein vil) blir rettshistorie når den nye plan- og bygningslova tek til å gjelde. Lova vart vedteken tidleg i juni, og Miljøverndepartementet håpar å få sett henne i kraft 1. juli neste år.

I den nye planlova skal dei to plantypene reguleringsplan og bebyggelsesplan/utbyggingsplan begge vera reguleringsplanar – anten områderegulering eller detaljregulering.

Gunnar O. Hæreid
Regjeringsadvokaten

Eksotisk post

Nedenfor står det om bokstaven *N* som kan føre til problemer for posten til Norge og Nederland. Nå har vi fått høre at Finland og Fiji er rammet av et tilsvarende problem, altså at posten blir sortert til feil mottakerland. Dette gjelder særlig brev fra Australia og Ny-Zealand til Finland. Her ser vi en kjedelig konsekvens av at mange brev bare blir utstyrt med en landkode og ikke har noe landsnavn.

Det er ikke unaturlig at en oseanier heller tenker på Fiji enn Finland når han eller hun ser landkoden *FI*. Da hjelper det lite at avsenderen har brukt korrekt landkode. Slike *FI*-feilsendte pakker og brev blir de lykkelege vinnerne av en ekstratur til Fiji. Vi i Statsspråk har varm forståelse for at en omvei om det eksotiske Fiji kan være fristende på vei mot det kalde nord. Så spørst det likevel om postmottakerne i Finland deler denne vurderingen.

Bruk riktig landkode

Bruk av feil landkode kan føre til mye krøll og lange forsinkelser. Tidligere, da man brukte nasjonalitetsbokstavene på biler som landkode, var *N* landkoden for Norge. At *N* står for 'Norge' og *NL* for 'Nederland' i dette systemet, er ikke selvvinnlysende.

Riktignok skal det ikke brukes landkode på post til Nederland, men det er

likevel mange som gjør det. Store mengder brev og pakker, både til Norge og Nederland, blir sendt med landkoden *N* framfor postnummeret, samtidig som avsenderen ikke skriver navnet på mottakerlandet i adressen. For sorteringspersonalet i et tredje land blir dette en gjettelek. Konsekvensen er at mye post til Norge havner i Nederland, og motsatt.

Moralen er: Bruk korrekt landkode til de landene som skal ha det, og skriv alltid navnet på mottakerlandet (på norsk) på den nederste adresselinja når du sender post til utlandet.



Slik kan det gjerast

Statsorgan må bruke både bokmål og nynorsk og skal ha rutinar for det. Leiinga har ansvaret for at reglane vert følgde.

For slikt som skal ut til heile landet, kan institusjonen til dømes ha den regelen at tredjekvar pressemelding skal vera på nynorsk, og tilsvarende reglar for rundskriv, annonsar og andre tekstar.

Nordisk språkkonvensjon

En nordisk statsborger skal ved behov kunne bruke sitt morsmål i kontakt med myndigheter i et annet nordisk land. Denne rettigheten er fastsatt i den nordiske språkkonvensjonen, som trådte i kraft i 1987.

Konvensjonen gjelder både tolking ved personlig kontakt og oversetting av skriftlige dokumenter. Den gjelder i første rekke ved kontakter med sosial- og helsevesenet, skolemyndigheter, arbeidsformidlingen, likningskontoret eller politi.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet har ansvaret for å følge opp konvensjonen i Norge. Du finner mer om dette på nettsidene til Språkrådet under [Lov og rett](#).

DIKTET

på vegne til det gode liv
kan du gjøre kva du vil
men brått er du der
og då spørst det

Askill Voll

STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Redaktør:
Jostein Stokkeland
stat@sprakradet.no

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:
22 54 19 50

Utforming: Grafisk Form
Trykk: NR 1 Arktrykk

Opplag: 18 500
Redaksjonen avslutta 17.9.2008

ISSN 0805-164X